


Stavåsen og busettinga der:

Gamle navn og plasser ved Eidslia og Stavåsen



Stavåsen heiter det høgste punktet på vegen mellom Kyrksæterøra og Vinjeøra. Du finn det drygt 1.5 Km nord for veikrysset mot Vinjeøra. Etter siste istida gjekk området sør for sjølvåsruggen frå å vere i et strømssterkt sund i havet til å bli ei lun bukt. Etter som landet steig vart det et brakkvassområde, seinare ferskvatn før det steig heilt opp av vatnet der det har vore dei siste 8000 åra. Under laget med jord som plantane har bygd opp etter istida finn vi morenemateriale i forskjellige grovheit frå store steinar til avsetning av leir. Vi finn og skjel i leira i dei legre områda – ca 55 moh. Jorda er dyrka heilt opp til 150 moh som er uvanleg fordi jordsmonnet over den marine grensa oftast er skrinnt. Den marine grensa er det høgste sjøen stod etter at landet vart isfritt for om lag 11500 år sidan. I området her ligg grensa truleg kring 110moh utan at dette er nøye granska. I Eidslia og Stavaas er det ôg funne flint, men det berre er råflint som er ført hit med drivisen.

Gammelgården:

Den største og truleg den eldste garden i området er Eidslia. Gardsnummer 115.

Hos Haavard Moe finn vi ein person, Ole Fredriksen Eidsli, født 1655. Vi kan difor gå ut frå at det har vore busetting der frå midten av 1600-tallet. – kanskje enno tidlegare. Hovedgarden låg noko lenger opp enn han gjer i dag. På foto er han avmerka som Gammelgården. Seinare fekk vi og ein gard som vart kalla Øverlia, og folka der skreiv seg Eidsli dei og. Vi veit om nokre småplassar som låg under Eidslia.

Plassen: (Eidsliplads)

Vi finn ein stad som er kalla for Plassen. Her veit vi at Per og Marit Plassa budde ei tid. Stua frå Plassen vart seinare flytta til Eino nær Lenes. I 1865 finn vi desse folka i plassen:

Anders Peders.	Husfader	Husmand med Jord	g	45
Marith Andersd.	hans Kone		g	41
Peder Anders.	deres Søn		ug	17

Krestistuo: (Eidsli 96a i folketeljinga 1865)

Denne plassen ligg berre 200 meter unna Grytbekken, I 1865 finn vi Halvor Olsen og Kristi Nilsd. og fem born der. Det er antakeleg denne stua som vart sett opp av forskalingsplankane som vart bruka då dei bygde steinkvelvbrua over Eidsfossen på 1840-talet.

Plassen vart seinare kalla Krestistuo. Om namnet er etter Kristi Nilsdotter eller Kresti som seinare budde der er ikkje godt å seie. Den siste Kristi som budde i stua heitte Christie Erikd. Bjerkan og var fødd 24. juni 1849 på Bjerkan. Mor til Christie het Karen Steffensd Eidsli og var født 30.des. 1822.

Stuorommet:

I 1863 finn vi Ole Andersen f. Snekviknes på ein plass som vart kalla Stuorommet, men det vart ikkje skreve bygselkontrakt før i 1884.

Marenstuo:

Der Åge og Ingrid Tølche sette opp husa i 1970-åra var det ein gong ein buplass. Tuftene syntes som eit lite søkk så seint som i 1960-åra. Her skal det ha budd ei dame som heitte Maren. Ekra nedafor heiter Marenækro den dag i dag Haakon sa og at det ikkje var ei tømra stue men meir ei jordgamme ho budde i.

I 1865 finne vi ei Maren Olsd. , ugift, født 1815, som tjenestepige hos ugifte Ole Helgesen i Eidslia. 10 år seinare i folketeljinga 1875 finn vi framleis Maren Olsd. Ug. Som logerende løspige

Kring 1860 finn vi og ein Didrik Stavås som i ein skuleskattprotokoll er ført som forarmet. Kven var han, og kvar budde han tru? Kan han ha budd i Marenstuorommet?

Stavåsen (Øverstavåsen)

Her har det truleg budd folk sia tidleg på 1800-talet.

I tradisjon etter Olav Johannesson Stavaas f. 1898 var det ei lita stue på Stavåsen Vi veit ikkje akkurat kor ho stod. På 1860-talet vart ho flytta til Stuorommet.

Vi finn ein festeseddel på husmannsplassen Stavåsen datert 31/12-1856 frå Anders Ellingsen Eide til Nils Pedersen Gravdal.

På denne finn vi ei erklæring frå plassmannen:

"Da Johan Nilsen Lihaugen har tilbagebetalt mig Bygselssummen for omstaaende Husmandsplads, frasiger jeg mig herved al Rettighed til sammes Brug og Benyttelse, som overdrages til ham efter nærmere Overenskomst med Jorddrotten"

Vi finn ôg ein ny festeseddel datert 29/1-1858 frå Anders Ellingsen Eide til Johan Nilsen Lihaugen. Året etter gifte Johan seg med Dordi. Tradisjonen seier at Johan Nilsen var påpasseleg med at tømmeret til stua han sette opp skulle vera vokse i nordlia (skuggesida) for da var det tettare og vara lengre. Stua skulle ha vore klar til innflytting då sonen Trond vart

fødd i 1863. Men, dei fekk ei dotter, Karen, fødd i 31.12.1858. Ho har og adresse Stavås ved dåpen, så dei budde truleg i den stua som seinare vart flytta til stuorommet medan dei bygde seg ny.

Stavåsen (Nedre Stavås)

Dette er ein husmannsplass som vart rydda kring 1900, og vart sjølvveigande bruk i 1916.

Vi kjem att med inngåande informasjon om den plassen.

Eidslifolka:

Folka som budde i og skreiv seg Eidsli ligg litt utafor målet for dette arbeidet, så sjølv om vi veit nokså mykje går vi stilt forbi det denne gongen.

Stavåsfolket:

Dei første vi finn som brukar Stavås som adresse er Steffen og Dorthea når dei døyper det første barnet sitt, Berit, i 1816.

Steffen Fredriksen Støen f. 05 Apr 1794 ST, Hemne, Støen

Gift 30 Jul 1816 ST, Hemne Kirke med:

Dorteia Ellingsd, f. 1792, ST, Hitra, Kvernes

Dei fekk desse borna:

1. Berit Steffensd Stavås, f. 24 Nov 1816, ST, Hemne, Stavås
2. Karen Steffensd Eidsli, f. 30 Des 1822, ST, Hemne, Eidsli
3. Maria Steffensd Eidsli, f. 23 Mar 1826, ST, Hemne, Eidsli
4. Fredrik Steffensen Stavås, f. 04 Jan 1834, ST, Hemne, Stavås

Nr. 2, Karen, vert mor til Ane Andersdatter Stavås (1843), og seinare mor til Christie i Krestistuo.

At borna er ført opp med ulike adressar ved dåpen treng ikkje tyde at dei har flytta. Stavåsen og Eidslia ligg attmed kvarandre, og det kan vera slump kva som vart skrive inn i kyrkjeboka. Likevel er det ting som tyder på flytting, for vi finn ein anna familie som og må ha budd ei tid på Stavåsen i første halvdel av 1800-talet.

Anders Christophersen Størset f. 1797

Gifta seg 22 Apr 1822 i Hemne Kirke med

Karen Ellingsdatter Stavaas f. 1798, MR, Kristiansund

forlovere: Jon Eidet og Lars Størseth

Dei fekk desse borna:

John Andersen Witsø f. Stavaas	f. 11 Jul 1822, ST, Hemne, Stavås
Elling Andersen Stavaas	f. 12 Feb 1825, ST, Hemne, Snipen(Staurset)
Elling Andersen Stavaas	f. 15 Jan 1827, ST, Hemne, Stavås
Anders Andersen Staurset	f. 06 Mai 1831, ST, Vinje, Staurset
Ole Andersen Stavaas	f. 04 Jun 1833, ST, Hemne, Heim, Snekviknesset
Marit Andersd Snekviknes	f. 10 Jul 1838, ST, Hemne, Heim, Snekvik

Vi ser at adressa ved dåp av to av borna er skrive Stavås i kyrkjeboka. Det tyder på at Anders og Karen i tidsrommet 1822 – 1827 ,allfall stundomtil, hadde budd på Stavåsen.

Kring 1863 har Ole Andersen fått teke over gammelstua på (øver)Stavåsen da Johan Nilsen flytta inn i nystua si. Ho vart da flytta til Stuorommet.

I 1865- finn vi i folketellinga ein plass kalla Stavaas* (Stavaas med stjerne). Dette er plassen vi kjenner som Stuorommet. Her finn vi desse folka:

Ole Anders.	Husmand uden Jord Fisker gift	41 år gammel
Johanna Johannesd.	hans Kone	31 år
Kristoffer Ols.	deres Søn	ugift 3 år

Det kom etterkvart fleire barn på stuorommet:

2. [Johannes Olsen Stavaas](#), f. 26 Mai 1867, ST, Hemne, Stavås
3. [Karen Olsd Stavaas](#), f. 17 Des 1870, ST, Hemne, Stavås
4. [Randi Olsd Stavaas](#), f. 13 Apr 1876, ST, Hemne, Stavås
5. [Anna Olsd Fossløkk f Stavaas](#), f. 03 Jun 1881, ST, Hemne, Stavås

Før dei gifte seg i 1865 hadde dei begge vorte foreldre kvar på sin kant, og i 1863 hadde dei saman fått sonen Christopher Olsen Stavaas.

Vi har litt vanskar med å forstå kvifor dei flytta til Stavåsen og busette seg der. Ole Andersen var fiskar utan jord, og fekk ein lang sjøveg til Vinjeøra. Det er fortsatt ein fiskar plass i Vinjefjorden som heiter Stavåshåle' etter Ola.

Vi kan vel gå ut frå at han ofte dreiv sjøen frå Haukvikholten der broren Elling var husmann, og kanskje ikkje gjekk heim til Stavåsen kvar einaste dag. Han hadde antakeleg band til Stavåsen sidan foreldra hans nok hadde budd der i ein periode. Dei har truleg fått teke over gammelstua etter Johan Nilsen rimeleg.

Vi har lenge trudd at huset på stuorommet var bygd av forskalingsmaterialen frå bygginga av brua over Eidsfossen. Truleg er det ikkje slik. Det er meir truleg at det er Krestistuo det er tale om.

I 1884 vart det sett opp ein bygselkontrakt - truleg i samband med eigarskifte i Eidslia.

Bygselkontrakt

Jeg undertegnede Ole Helgesen Eidsli tilstaar herved og vitterliggjør at have bortbygset et Jordstykke paa nedre Side af Alfarveien til Bygselmanden Ole Andersen Stavaas og Kone Johanna Johannesdatter paa begge deres levetid, paa følgende konditioner.

1 - som aarlig Svarsel betaler Bygselmanden Kr: 5,00 fem kroner, en Arbeidsdag i Plogaannen 6 seks Dage i Slaataannen og en Meling Skor samt en Dags Jetning for Ugen med en forsvarlig Jeter. -

2 - Husmanden har Ret til Havnegang sammen med Landdrottens Kreature for en KO og seks Smaafe saavel i Hjemmark som Udmark; hvis Bygselmanden ingen Kreaturer har i Landdrottens Havnegang bortfalder Jetningen. - Saafremt al Svarsel efter denne Kontrakt bliver rigtig betalt hvilket tager sin Begyndelse 1te Januar 1884 og Husmandsfolkene opfører sig efter nuværende Husmandslov, skal de uhindret bebo Pladsen paa deres levetid; og bekræfte vi dette med vor Underskrift og tvende tilkaldte Vitterlighedsvitner.

Eide 15 April 1884 -

Landrot

Ole Helgesen Eidsli

Husmand

Til Vitterlighed Ole Andersen Stavaas

Henrik N. Eide

Nils Andersen Eide



På det øvste bildet finn vi ekteparet
Johanna Johannesdatter f. Roøy og Ole
Andersen Stavaas f. Snekviknes.

Amund Alstad, husflidslærer og
fotograf har teke desse bilda. Vi finn
fotografi av høgst forskjellige folk frå
grenda som har teke plass og vorte
fotografert attmed dette fint pådekka
bordet. Tablået var sett opp i stua på
Øverstavåsen. Etter folket på
fotografia å døme er bilda teke omlag
1916.



Her ser vi to av døtrene på
Stuorommet. Frå venstre:
Randi f. 1876
Karen f. 1870 og dattera
Johanna Knudsdatter f. 1911 (Karens
datter) seinare gift Skarholt i Orkdalen.


*(Tekanna som vi ser på bordet er framleis i
behald hos Kari Stavås og koppane og
åkledet hos Tore Stavås)*

Det nedste bildet er teke omlag 1925 og
viser Aslaug, den yngste dotterdottera til Ola
og Johanna som spring for å sjå om
bestemor og tante(r) Bildet er teke frå
Nedre Stavåsen sørover mot Posttolla (kor
postkassane hang) og syner stua på
Stuorommet. Diverre ser vi ikkje
fjøs/uthuset. Vi ser og at taket er torvtekt, og
at både straum og telefonpålar alt er på
plass. Vi veit ikkje kven som har teke dette
biletet.


Etter at Johanna døydde som ei svært gamal
dame i 1931 vart stua stående berre eit år
eller to før ho vart reve. Vi trur at ho kan
hende stod til 1933 eller 1934.



Stuorommet planskisse 1. etg ca 1925



Stuorommet planskisse 2. etg ca 1925



Arna Johannesdatter Stavaas, gift Bæverfjord og Sigurd Sættem har i 2006 fortald om bygninga(ne) på stuorommet slik dei hugsar det frå barndomen. På grunnlag av det har eg laga ei skisse.

Stua kunne være om lag 5x5 meter. Utafor inngangsdøra som vende nordover (sjå foto) var det mura opp ei trapp av naturstein (klopp) Innafor døra var det ein gang (entré). Til venstre fann vi loftstroppa. Delen til høgre vart bruka til spiskammer og anna oppbevaring. Det var ei dør inn til opphaldsrommet. Der finn vi to vindauga, eit mot aust og eit anna mot sør. Det var ei mura pipe og ein vedovn. Resten av møbleringa veit vi ikkje noko om. På loftet stod sengene. Der var det òg vindu mot sør og eit lite vindu eller ein glugge mot nord. Det var her gamle Johanna låg omkring 1930, meir enn 90 år gamal, og klaga over at Vårherre hadde gløymt ho. I 1931 hugsar han på ho. Dottera Karen budde saman med mora og stelte ho dei siste åra.

I folketeljinga i år 1900 finn vi på Stuorommet

(Korn, potet, kreatur og fjærfe)

Ole Andersen	Jordbrugende Husmand, lidt fiskeri e.r. lidt dagarbeide	1833
Johanna Johannesd	Husmandskone, husstel	1835
Randi Olsdatter ug	Datter (syg)	1876
Og Olaf Thoressen ug	Husf. dattersøn, opfostringsg.	1895

Sjølv om det i bygselskontrakten ikkje var nemt noko om jord, så ser det ut til at dei i praksis har bruka heile det jordstykket som som låg nedafor stua mot bekken. Arna (sonedotra) og Olav (sonesonen) fortel at det sørom stua var ein liten kjøkenhage, og eit lite fjøs med utedo og plass til ei ku og ein sau. Olav fortel at dei dreiv markslått i utmarka som hørde Eidslia til. I fjellbrona opp mot Grytvatnet stod enno langt utpå 1960-talet restane etter ei stakkstong dei bruka. I folketeljinga i 1900 finn at dei hadde korn, potet, kreatur og fjærfe. Vi veit òg at Ola attåt fiske brende noko tjøre. Det gjekk føre seg på Tjørhjellhaugen som er vist på kartet på fystesida

-----000-----



Den yngste sonen frå Stuorommet, Johannes, arbeidde som skomakar og var ei tid på oppdrag på ein av Berg-gardane i Snillfjorden. Der arbeidde òg Dorthea Olsdatter Stolpnes, dotter til Ole Olsen "svekling", som taus.

I 1897 gifte dei seg i Hemne kyrkje, og året etter, i 1898, får dei sitt første barn som dei kallar Olav. Kanskje et naturleg valg når begge bestefedrene heitte Ola.



Det unge paret loserer (1898) i Siverstuo nær Eidsfossen. Det ser ut til at dei på denne tida har fått lov til å rydde sin eigen plass på Stavåsen i den felles utmarka som hørde til to av storgardane på Eide. To år etter – i 1900 - er det sett opp ei stue på den nye plassen. Ho er stor og rommeleg jamnført med huset på Stuorommet. Vi har grunn til å tru at tømmerkassa kom velbruka frå ein annan gard, men vi veit ikkje korifrå. Det same gjeld fjøset. Kan det vera at stue og fjøskassane kom frå gardeigarane på Eide? Johannes og Dorthea hadde hendene fulle med å rydde nybrott og tene til livsopphald, og hadde knapt midlar til å sette opp stue og fjøs av nytt tømmer for eiga rekning.

I folketeljinga 1900 finn vi dei på nedre Stavåsen slik:

(Det var ikkje korn, potet, kreatur eller fjørfe. Her var det vel berre rydningsarbeid enno)

Johannes Olsen Skomager for e.r. rydningsmand, jordbruger 1867

Dorthea Olsdatter Husmandskone, husstel. (rydningsmk.) 1878

Olaf Johannesen ug Søn 1898

Arne Johannesen 1899

Og Lars Johansen f Hollamyrd og Skomagerlærling 1881

Ungeflokken vaks jamt og fort, og dei fekk desse barna:

- | | |
|---|-----------------------------|
| 1. Olav Stavaas, | f. 10 Jun 1898 |
| 2. Arne Johannesen Stavaas, | f. 04 Sep 1899, Døde i 1915 |
| 3. Anna Marie Johannesd Fjærli f Stavaas, | f. 14 Jun 1902 |
| 4. Olga Johannesd Thevik f, Stavaas., | f. 17 Jul 1904 |
| 5. Johanna Johannesd Lund f Stavaas, | f. 17 Jul 1904 |
| 6. Haakon Johannesen Stavaas, | f. 25 Okt 1906 |
| 7. Karen Ragna Fjærli f Stavaas, | f. 26 Apr 1909 |
| 8. Jenny Dorthea Svanem f Stavaas, | f. 03 Feb 1912 |
| 9. Ole Stavaas, | f. 18 Jun 1914, døde 1937 |
| 10. Arna Bæverfjord f Stavaas, | f. 19 Nov 1916 |
| 11. Aslaug Gunvor Holte f Stavaas, | f. 04 Sep 1920 |

”Smalhans” var ein kar som loserte ofte og lenge på Stavåsen første delen av 1900-talet. Da Johannes i 1905 vart utkommandert på grensevakt var det vondt å finne mat åt fem små ungar. Heldigvis var det snille folk i bygda som hjelpte til når det kneip som verst, men svolten og fattigdomen var jamnt på gjesting.

I 1915 vart det heldt ei skylddeling, og Dorthea og Johannes kjøpte plassen. Den fekk da namnet Stavaasen med gnr/bnr. 114/14. Den var på nokså nær 10 dekar. Kjøpet vart finansiert med lån i Den norske Arbeiderbruk og Boligbank. Det er ikke nemnt hus eller fjøs i verken skylddelingsforretning eller skjøtet. Prisen er likevel såpass høg at det må vera med meir enn berre 10 dekar med utmark. På neste side finn du ei avskrift av skjøtet. Det er truleg tinglese i juli 1916.

Skjøde

Underskrevne Anders Nilsen Eide og Anders J. Hunnes tilstaar herved at have solgt og overdraget til Johannes O. Stavaas eiendommen gaards no. 114 brugs. No 14 Stavaas i Hevne tinglag av skyld 20 øre for omforened kjøpesum Kr. 650 – sex hundrede og femti kroner.

Da foranstaaende kjøpesum er betalt skal nevnte eiendom med tilhørende rettigheter for eftertiden tilhøre kjøberen og hans arvinger og forbliver vi hans hjemmelsmand efter loven.

Hevne den 17 juni 1916

Bildet er teke på Stavåsen om lag 1921 og syner Johannes og Dorthea med borna.




I bakre rekke frå venstre kant: Olav , Anna , Johanna, Olga og Haakon
I fremste rekke: Ole, Johannes, Arna, Dorthea , Jenny og Karen
På fanget sit Aslaug.



Her er det eldste fotografiet vi kjenner til som syner stua til Dorthea og Johannes. Frå venstre har vi Johannes, Ole, Johanna og Aslaug. Etter folket kan det vera tatt om lag 1928. Skomakararbeidet gjekk føre seg på loftet der det og var soveplass for vaksne og born i same rommet.

I mai 1928 døde Dorthea av tuberkulose, eller tæring som dei kalla det, og Johannes vart enkemann.



Dette bildet er truleg frå vinteren/våren 1940-41. Her ser vi at stua har fått eit vindu på sørveggen (mot oss) Så er det bygd eit bislag over inngangen på austsida. Det er framleis torvtak på stua. Fjøset hadde spontak. Sjølve fjøskassen var tømra og fylte knapt det halve av fjøsbygget. Vi ser òg at all jorda var dyrka og i bruk no.



I 1940 kom Haakon, sonen til Dorthea og Johannes heim og tok over småbruket. Han hadde med seg kona si, Ruth som han hadde treft på Tjøtta. Dei hadde med seg gutane Sverre og Olav. Vi kan sjå dei så vidt på fotografiet på førre sida.

Haakon



Ruth



Her ser vi korleis det såg ut på Stavaasen kring 1953 Det var bygd bislag på øversida av huset, og det var sett inn eit glas istaden for dør der inngangen var før. Torvtaket var skifta ut med sementtakstein. Det viktigaste var at det i 1948 vart kjøpt meir jord. Nye ti dekar med blaut skogsmyr vart kjøpt for Kr. 650.- og eiendommen Myreng Gnr/Bnr 114/27 vart lagt attåt. Tidlegare det året fekk dei ein gut. (meg). Eit nytt fjøs vart òg bygd på denne tida.

Fraukjellaren og fjøsgolvet var støypt. Fjøskassen var mura av sementstein. Taket var tekt med oppklippte asfaltfat som berga utruleg lenge. Nyfjøset vart måla med sjølvblanda måling av linolje, oker og sinkkvitt-Haakon var i denne tida mykje borte på anleggsarbeid, så gardsdrifta fall stort sett på kona Ruth og dei av ungane som var heime og store nok til å hjelpa. På slutten av 1960-talet vart opphaldsrommet i huset ombygd til kammers og bad. Så vart det bygd på eit tilbygg i sørenden av huset som vart innreidd til opphaldsrom. Gamalfjøsen stod til langt opp på 1960 talet da Haakon reiv han og skar han opp til ved.



Bygningane på eigedomen fekk da om lag den forma dei har den dag i dag. Til venstre er eit foto frå 2000

I 1963 Vart om lag ein dekar delt frå og selt til Sverre Stavås – den eldste av gutane – som bygde hus der. Sjå område 4 på førstesida.

På 1970-talet byrja helsa til Haakon å skranke, og eigedomen 114/14/27 vart selt til Sverre.

I dag er det yngste sonen til Oddlaug og Sverre - Even - som eig, bur og held eigedomen i orden til glede for alle oss som kjenner at vi har røtter der.

----- 000 -----